



Referat
frå Kviteseid Sokneråd, ekstraordinært
Onsdag 27. april 2022, kl.18.00-19.00
Stad: Kommunehuset

Innkallast:

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Sigrun Garvik Moen (sekr.), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Vidar Syrtveit Mikalsen. Møyfrid Lunde (sokneprest), Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar). Vigdis Helen Bruhaug (1. vara), Kristen Salmelid, kyrkjeverje.

Forfall: Toralf Grave og Unni Snaunes

Ord for dagen: Møyfrid Lunde

Servering: Heilt enkelt

Oversikt over saker:

SR-sak 11.22 FR	Innkalling og saksliste
SR-sak 12.22 FR	Årsrekneskapen 2021
SR-sak 13.22 FR	Årsmelding 2021 (m/ rekneskapstala)
SR-sak 14.22 FR	Soknemøtet 1. mai 2022
SR-sak 15.22 FR	Rekneskapsrapport 1.kv. 2022
SR-sak 16.22 SR	Post og meldingar
SR-sak 17.22 SR	Eventuelt

SR-sak 11.22 FR	Innkalling og saksliste	MG
Innkallinga til dette møtet vart sendt ut på e-post torsdag 21. april til alle medlemmer og varamedlemmer i Kviteseid sokneråd (samt revisor og prost til orientering).		
Merknader til innkalling eller saksliste?		
Forslag til VEDTAK: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.		
VEDTAK: Som føreslege.		

Ny rekneskapsmedarbeidar har brukt noko ekstra tid med denne årsavslutninga sidan ho ikkje kjende rekneskapen frå føringar i 2020. Kyrkjekontoret fekk ein uferdig årsrekneskap tilsendt 23. februar.

Får vi ein ferdig versjon før møtet, vert den ettersendt. Rekneskapen vert revidert når revisor får tid. Endeleg vedtak av rekneskapen må gjerast etter revisjon.

Her er tal til utfylling når resultatet kjem:

Driftsrekneskapen viser kr 59.422,- i meirforbruk (underskot) samanlikna med budsjettet for 2021. Budsjettet viste ein forventa omsetnad på kr 4.824.000 pluss tenesteytingsavtala på kr 347.000.

Avdelingsvis:

(110) Kyrkjeleg administrasjon har eit underskot på kr. 91.288,-

(111) Kyrkjer har eit underskot på kr. 135.812,-

(112) Kyrkjegardar har eit overskot på kr. 67.559,-

(113) Andre kyrkjelege føremål har eit overskot på kr. 95.309,-

Nykel-tal:

	Rekneskap	Budsjett	
Brukarbetalingar og sal og tenester	572 791	580 000	
Refusjonar / overføringar	260 076	241 000	
Tenesteytingsavtala, kalkulatorisk	347 000	347 000	
Statleg tilskot	152 000	148 000	
Rammeoverføring / tilskot frå kommunen	3 450 000	3 440 000	
Andre tilskot, gåver, innsamla	375 366	431 000	
Sum Driftsinntekter	5 157 233	5 187 000	
Løn og sosiale utgifter	2 858 518	2 741 000	
Kjøp av varer og tenester	1 519 487	1 563 000	
Refusjoner / overføringar	353 411	366 000	
Tenesteytingsavtala, kalkulatorisk	347 000	347 000	
Tilskot og gåver	153 049	200 000	
Sum driftsutgifter	5 231 464	5 217 000	
Brutto driftsresultat	74 232	30 000	
Rekneskapsmessig mindreforbruk		0	

Likviditeten har vore god i 2021.

Investeringsrekneskapen enda med eit overskot på kr. 42.001,-

Spesifikasjon prosjektvis:

Balansen og noter

Vedlegg: Årsrekneskapen 2021 (vert ettersendt)

Forlag til VEDTAK:

Soknerådet godkjenner årsrekneskapen for 2021.

SR-sak 13.22 FR	Årsmeldinga for 2021	MG
------------------------	-----------------------------	-----------

Årsmeldinga vart lagt fram på sist møte og i prinsippet vedteke då, med nokre manglar. Nå blir resultatet frå rekneskapen lagt inn og den ferdige årsmeldinga blir godkjent.

Forlag til VEDTAK:

Soknerådet godkjenner årsmeldinga for 2021.

VEDTAK:

Soknerådet godkjenner årsmeldinga for 2021.

Kr. 140 798,- frå driftsrekneskapen blir avsett til disposisjonsfond.

Kr. 42 001,- frå investeringsrekneskapen blir avsett til bundne investeringsfond.

SR-sak 14.22 FR	Soknemøtet 1. mai 2022	MG
------------------------	-------------------------------	-----------

....

Notat frå 2021: AU gjer merksam på kommentarar i referat frå tidlegare soknemøte: (Sept.2020) der det i referatet står: *Innkalling til møte og sakliste var ikkje kunngjort før møtet. Dette vart kommentert. Dei som deltok på møtet fekk heller ikkje spørsmål om å godkjenne saklista.*

Forslag til VEDTAK i SR:

Soknerådet tek dette til orientering.

VEDTAK: Som føreslege.

SR-sak 15.22 FR	Rekneskapsrapport 1.kv. 2022	KS
------------------------	-------------------------------------	-----------

Kort presentasjon av dei økonomiske forholda etter 3. kvartal, viss vi får det til møtet.

SR-sak 16.22 FR	Post og meldingar	MG
------------------------	--------------------------	-----------

Fasteaksjonen:

Oppsummering √ soknerådsleiaren:

Bra resultat: Kr. 60.982,- på aksjonsdagen. Har kome inn meir etterpå. Heile Vest – Telemark kr. 340.000,- (rekord).

Organisering: Viktig å få inn inndeling av rodar.

SR-sak 17.22 FR	Eventuelt	MG
------------------------	------------------	-----------

